

VEDTEKTER FOR KOMMUNIK

Kommunik er oppretta 12. april 2012 og er eit landsomfattande fagleg kollegium for kommunikasjonsmedarbeidarar i kommunar og fylkeskommunar.

§ 1 Namn

Organisasjonen sitt namn er **Kommunik**

§ 2 Formål

Kommunik har som mål å utvikle og profesjonalisere det strategiske kommunikasjonsfaget i kommunar og fylkeskommunar, og vere ein fagleg arena for dei som jobbar innan feltet.

§ 3 Medlemskap

§ 3-1

Alle som jobbar innan strategisk kommunikasjon i kommunar og fylkeskommunar kan vere medlemar i **Kommunik**.

§ 3-2

Medlemskontingenten for kommende år fastsettes av årsmøtet.

§ 4 Årsmøte

Årsmøtet er **Kommunik** sitt høgste organ. Årsmøtet blir halde kvart år innan utgangen av april månad. Innkalling skal sendast på e-post til alle medlemar seinast seks veker før årsmøtet. Saksdokument skal kunngjerast på Kommunik sine heimesider seinast to veker før årsmøtet. Dette skal varslast på e-post.

Framlegg som medlemar ønskjer behandla på årsmøtet, skal vere styret i hende seinast fire veker før årsmøtet.

Alle betalande medlemar i **Kommunik** kan delta på årsmøtet og har stemmerett.

Saker årsmøtet skal behandle:

- 1 Konstituering
- 2 Årsrapport
- 3 Rekneskap
- 4 Innkome framlegg/handlingsplan
- 5 Budsjet
- 6 Val

Årsmøtet blir konstituert ved at deltakarane godkjenner innkalling og sakliste og vel ordstyrar for møtet.

Årsmøtet vel to representantar som skal godkjenne og skrive under protokollen frå møtet.

Ekstraordinært årsmøte:

Ekstraordinært årsmøte kan krevjast av eit fleirtal i styret eller 1/4 av medlemane og skal kallast inn med minst tre vekers varsel.

Berre saker som var grunnlag for kravet om ekstraordinært årsmøte kan behandlast.

§ 5 Val

Medlemar som er innmeldte i **Kommunik** per 1. januar i årsmøteåret er valbare til styret.

Årsmøtet vel eit styre på fem medlemar og to varamedlemar. Styret skal bestå av representantar frå både kommunar og fylkeskommunar.

Årsmøtet vel leiar. Styret konstituerer seg sjølv.

Leiar skal ha ei kommunikasjonsfagleg stilling i ein kommune eller fylkeskommune.

Både styremedlemar og vararepresentantar veljast for to år (unntak kan bli gjort om særskilte årsaker tilseier det for å få til ei god samansetjing av styret).

Årsmøtet vel valkomité og to revisorar. Desse skal ikkje vere valt inn i styret.

Valkomiteen skal bestå av tre representantar der både fylkeskommunane og kommunane er representerte.

§ 6 Verksemd

Styret i **Kommunik** har ansvar for å gjennomføre handlingsplanen årsmøtet har vedteke.

Styret har i årsmøteperioden ansvar for å samarbeide med departement, direktorat og andre instansar som er viktige for medlemane og for utviklinga av det fylkeskommunale og kommunale kommunikasjonsfaget.

Kommunik har status som fagleg kollegium i KS, og styret har ansvar for dialogen med KS.

§ 7 Endring av vedtekter

Vedtektene kan endrast med to tredjedels fleirtal på årsmøtet. Framlegg om endring av vedtektene skal sendast ut skriftleg saman med saksdokument.

§ 8 Oppløysing

Oppløysing av organisasjonen **Kommunik** kan berre vedtakast av to påfølgjande årsmøte, med minimum to månaders mellomrom. Eitt av desse kan vere ekstraordinært årsmøte.

Vedtak om oppløysing krev 2/3 fleirtal på begge årsmøta. Det siste årsmøtet bestemmer korleis organisasjonens midlar skal disponerast.

Oppdatert august 2017.